
ÅRSRAPPORT

2014

Innhald

1	Organisasjonen HLB	2
1.1	Styret.....	2
1.2	Administrasjon og tilsette.....	2
1.3	Bemannning av kurs	3
1.4	Eigarar	3
2	Studiar og studentar	4
2.1	Undervisning og studentar.....	4
2.2	Studentrådet.....	4
2.3	Læringsmiljøutval (LMU)	5
2.5	Studieutval.....	5
2.6	Studieturar	5
2.7	Studiesenteret.no	5
3	Marknadsføring.....	6
4	Forsking og utvikling.....	7
4.1	Jærsmiå	7
4.2	Intensivt landbruk og natur-/kulturvern.....	8
4.3	Dialogbasert arealutvikling.....	8
4.4	Evaluering av Aksjon Jærvassdrag.....	8
4.5	Riding Native Breeds – hesteturisme basert på tradisjonelle hesterasar i nordområda9	
4.6	Prosjekt Nordlandshest	9
4.7	Kva er Jæren?	9
4.8	Reiseliv i Rogaland.....	9
4.9	Landbruksbyen Sandnes	10
4.10	Sistre – HLB-leia EU-prosjekt om vaksne studentar og læring.....	10
4.11	Kulturarvsamarbeid i Litauen	10
4.12	Erfaringar med brannvarslingsutstyr i landbruket	11
4.13	Evaluering av bruken av næringsfond i Skjåk.	11
5	Publisering og ekstern kontakt.....	11
5.1	Bøker	11
5.2	Interne rapportar	11
5.3	Foredrag, media og anna formidling.	11
5.4	Dag Jørund Lønning vart Årets landbruksblogger 2014	12
6	Økonomi	12
7	Status og utfordringar	13

1 Organisasjonen HLB


1.1 Styret

Styret valt på årsmøtet i 2014, og som har fungert fram til årsmøtet i 2015.


Hadle	Nevøy	Styreleiar
Odd Arild	Kvaløy	Nestleiar
Ola	Hedstein	Styremedlem
Leif Kåre	Lende	Styremedlem
Reidun Oline	Skadsem	Styremedlem
Rhys	Evans	Styremedlem, Tilsettrepresentant
Alexander	Rügert-Raustein	Styremedlem, Studentrepresentant

Varamedlemmer i same periode har vore:

1.Jofrid Torland	Mjåtveit
2.Olav	Røysland
3.Norolf	Husveg
Lovise	Hetland(studentrep)
Eli Janette	Fosso (tilsettrep)



Hadle Nevøy



Odd Arild Kvaløy




Leif Kåre Lende




Hedstein



Reidun Oline Skadsem



Rhys Evans



Alexander Rügert-Raustein



Jofrid Torland Mjåtveit

Rektor Dag Jørund Lønning og organisasjonsleiar Eirik K. Hobberstad møter fast på styremøta. Styret har hatt 5 møte og handsama 30 bokførte saker.

1.2 Administrasjon og tilsette

Tilsette 2014

Dag Jørund	Lønning	Rektor / Professor
Johan	Barstad	Studieleiar ØK (timeavtale frå haust 2014)

Olav	Eggebø	Forskar
Eli-Grete	Høyvik	Høgskulelektor II
Rhys	Evans	Førsteamanuensis
Eli Janette	Fosso	Førsteamanuensis
Håvard	Teigen	Professor II
Eirik K.	Hobberstad	Organisasjonskonsulent
Christel Bachmann	Barbo	Studiekonsulent/informasjonsmedarbeidar/- permisjon frå 18.08.2014
Mikkjell	Lønning	Vikar for Christel frå 01.09.2014
Berit	Skjæveland	Økonomikonsulent
Ole	Eriksen	Administrasjon

Staben aukar med to nye vitenskaplege stillingar frå 01.01.15.

1.3 Bemanning av kurs

År 1 BA Bygdeutvikling Endringkunnskap

Rolle

Olav	Eggebø	Studieansvarleg/forelesar EK I
Eli Janette	Fosso	Studieansvarleg/forelesar EK II

År 2 BA Bygdeutvikling Landbruksøkonomi og leiting

Rolle

Johan	Barstad	Studieansvarleg og forelesar
Daniel	Lange	Delt ansvar

År 2 BA Bygdeutvikling Hest i Næring/Landskap i Utvikling Institusjon

Rolle

Rhys	Evans	Studieansvarlig og forelesar
------	-------	---------------------------------

År 3 BA Bygdeutvikling Nyskaping

Rolle

Dag Jørund	Lønning	Studieansvarleg og forelesar
Eli Grete	Høyvik	Ansvarleg delkurs NY II

1.4 Eigarar

HLB er organisert som eit SA, og har pr 31.12.14. 102 eigarar innanfor organisasjonar, næringsliv og forvaltning. Totalt 734 andeler.

2 Studiar og studentar

2.1 Undervisning og studentar

I 2014 har høgskulen hatt desse studietilboda:

- Endringskunnskap, modul I og II (EK I-II) (endra namn frå HK 01.07.2013)
- Hest i Næring, modul I (HN I)
- Landskap og Utvikling (HN II)
- Nyskaping, modul I og II (NY I – II)
- Samfunnsentreprenørskap (10 studiepoeng)

Talet på studentar på dei ulike modulane i 2014 :

Fag	Kode	Vår	Haust
Endringskunnskap I (første år BA)	EK I	10	10
Endringskunnskap II (første år BA)	EK II	10	10
Landskap og Utvikling	ØK I	0	13
Nyskaping I	NY I	10	8
Nyskaping II	NY II	5	8
Hest i Næring HN	HN	7	0
Samfunnsentreprenørskap	NY	0	21

2.2 Studentrådet

Studentrådet i vårsemesteret hadde desse medlemmane:


01.12.13 -12.12.14

Alexander Rügert	Raustein	Leiar	NBA
Lovise	Hetland	Nestleiar	BA
Maria J.F.	Huijben	Sekretær	BA
Alexander	Rügert-Raustein	Styrerepr. Høgskulestyret	
Tone	Sæstad	Vararepr. Høgskulestyret	

Studentrådet som blei valt 19. november 2014, har desse medlemmane:

01.12.14 -01.12.15

Alexander Rügert			Raustein	Leiar	BA
Lovise			Hetland	Nestleiar	BA
Anette			Anda	Sekretær	BA
Alexander Rügert			Raustein	Styrerepr. Høgskulestyret	
Lovise			Hetland	Vararepr. Høgskulestyret	



Studentrådet har hatt 2 møte og handsama 5 bokførte saker.

2.3 Læringsmiljøutval (LMU)

LMU skal halda oppsyn med læringsmiljøet ved høgskulen.

Representantar:

Olav Eggebø, leiar
Alexander Rügert Raustein, nestleiar
Dag Jørund Lønning, rektor
Eli Janette Fosso, tilsett
Rhys Evans, tilsett
Lovise Hetland student
Anette Anda student
Eirik K. Hobberstad, sekretær

LMU sender rapport til styret om HLB sitt arbeid med læringsmiljøet.
LMU har hatt eit møte.

2.5 Studieutval

Vi har tett oppfølging og god dialog med studentane våre både under og mellom samlingane.
Vi har og formelle rutinar for møte med dei valde studentrepresentantane.

2.6 Studieturar

- EK 1: Studietur til Skottland. Reiseleiar Rhys Evans
- EK 2: Studietur til Øygarden. Reiseleiar: Eli Janette Fosso
- Hest i Næring. Studietur til Island. Reiseleiar: Rhys Evans
- Nyskaping I. Studietur til Grüne Woche, Berlin. Reiseleiar: Dag Jørund Lønning
- Nyskaping II. Studietur til Balestrand, ansvarleg var Eli Grete Høyvik

2.7 Studiesenteret.no

Samarbeid med studiesenteret.no gjer BA bygdeutvikling tilgjengeleg for studentar i heile landet. Sentralt i samarbeidet er visjonen om å jobbe mot ein utvida integrert modell der høgskulen, lokalt næringsliv og virkemiddelapparat kan samarbeide i eit verdiskapande nettverk.

Studiesenteret organiserer 100 kommunar og har lokalar og ressursar tilgjengeleg i 16 fylker. Organisasjonen jobbar for at distrikts-Noreg skal ha same utdanningstilbod som dei store byane.

HLB har fått gode tilbakemeldingar frå både studentar, studiesenter og forelesarar.

Følgjende studiesenter deltar i prosjektet studieåret 2014/2015:

- Kvam
- Oppdal
- Selbu
- Tynset
- Vardø



Foto: Gulli Ovesen/Studiesenteret.no

3 Marknadsføring

HLB er ein liten organisasjon med eit særskild avgrensa marknadsbudsjett. Dette gjer at me må vera veldig poengterte og målretta i valet av promoteringskanalar. Erfaringa vår frå dei siste tre åra viser at «vanleg» annonsering har lite eller ingen effekt.

Det som verkar er:

1. At me er synlege i offentleg debatt og i media (redaksjonelt).
2. At studentane våre er nøgde og difor gode ambassadørar.
3. At me har ei god, oppdatert heimeside og er synlege i sosiale media.

Når det gjeld dei to første, meiner me å ha lukkast godt. HLB er, sett i forhold til storleiken vår, særskild mykje i media. I 2014 meir enn nokosinne. Me har registrert nærare 100 oppslag i større og mindre media over heile landet.

Vår utviklingsorienterte kunnskapsprofil gjer oss til ein relevant samarbeidspartner/kunnskapsformidlat i lokale/regionale utviklingssatsingar. Dette viser seg å vera særskild interessant også for media.

Me får elles gode tilbakemeldingar frå studentane våre, både når det gjeld læringsmiljø og læringskvalitet. Dei tillitsvalde blant studentane rapporterer om få eller ingen negative kommentarar.

Når det gjeld websida, har tal brukarar pr månad variert mellom 2000 – 4000 i 2014. Pr 31.12.14 har HLB om lag 1400 følgjarar på facebook. Det er mål om å auka dette monaleg i 2015.

Like før jul 2014 fekk HLB ei hyggeleg melding om at EU-kommisjonen har tildelt oss ERASMUS-charteret (som ein av tre norske institusjonar i 2014). Dette tyder at HLB kan delta fullt ut i kunnskaps- og studentutveksling i Europa, og at europeiske studentar kan søkja om støtte for å få dekkja kostnader ved å studera ved HLB. Charteret er tildelt for perioden 2014 – 2020.

4 Forsking og utvikling

Forskings- og utviklingsinnsatsen ved HLB held fram med å auka. Følgjande prosjekt har vore aktive:

4.1 Jærsmiå

I landets første tankesmie av sitt slag, skal interessentane som kjempar om jærlandskapet inviterast opp av skyttargravene og inn rundt det runde dialogbordet. Smia har deltaking frå sentrale personar i jærregionen innanfor landbruk, offentleg planlegging, natur-/kulturvern, friluftsliv og privat næringsliv (utbygging). Utviklinga av Jærsmiå har vore eit samarbeid mellom HLB og Østerhus Tomter AS. Satsinga byggjer på HLB sin viktigaste filosofi ”Kunnskap for utvikling!”.

Jærsmiå er eit toårig pilotprosjekt der sentrale representantar for landbruk, utbygging/næringsliv, natur-/kulturvern, friluftsliv samt viktige offentlege utviklingsaktørar, blir inviterte til å koma saman i ei *tankesmie* for å prøva å identifisera felles verdiar, framtidsvisjonar og potensielle *dialogbaserte* utviklingsstrategiar. HLB er prosjekt-/prosessleiar for satsinga.

Målsetjinga med prosjektet er å kunna koma med felles, dialogutvikla innspel til framtidsretta og bærekraftige (sosialt, kulturelt og økonomisk) strategiar som tek utgangspunkt i rask befolkningsvekst og difor behovet for både fleire bustader og gode friluftssareal, men som samtidig kan vera med og sikra langsiktige rammevilkår for det viktige jærlandbruket og gje rom for vern av sentrale natur- og kulturverdiar for framtidige generasjonar.

Jærsmiå skal byggjast opp rundt brei involvering og deltaking, og framlegg til løysingar skal veksa fram nedanfrå gjennom felles kunnskapsbygging og aktiv, løysingsorientert, dialog. Jærsmiå skal prøva å peika ut arealutviklingsmodellar og -prinsipp som i større grad enn i dag tek omsyn til breiare grupper av brukarar og interesser i jærlandskapet. Dialogen skal difor gjennomførast mest mogleg uavhengig av etablerte posisjonar og sanningar.

15 sentrale personar frå landbruk, utbyggarar, forskning, det offentlege og friluftsliv/verneinteresser deltek i smia. Blant desse finn ein kjende namn som Hadle Nevøy, Elin Schanche, Ane Mari Braut Nese, Harald Minge og Cato Østerhus. HLB-rektor Dag Jørund Lønning leiar arbeidet.

4.2 Intensivt landbruk og natur-/kulturvern

Auka matproduksjonen må tyda meir intensiv landbruksdrift. Samtidig møter bonden stadig fleire krav knytt til natur-/kulturvern på eigen gard. Med empirisk fokus på den betente konflikten rundt forvalting av svarthalespove i intensivt driven eng på Jæren, startar HLB no eit prosjekt med mål om å laga ein overførbar modell for korleis aktiv matproduksjon og vern kan kombinerast.

Ei sentral målsetjing er å koma fram til vernepraksisar som bonde/grunneigar/lokalsamfunn kan kjenna eigarskap til og som kan inngå i dagleg drift og gjeremål. Modellen skal utviklast med basis i bøndene rundt Orrevatnet på Jæren sine egne forvaltingsstrategiar for raudlistearten svarthalespove. "Lokal kunnskap" er i dag eit stort tema i internasjonal forskning på mobilisering og lokalsamfunnsutvikling, men alt for lite fokusert i samband med krevjande vernesaker i det norske landbrukslandskapet.

Prosjektet er eit samarbeid med lokale bønder og lokal/regional forvalting. Prosjektleiар er Dag Jørund Lønning.



4.3 Dialogbasert arealutvikling

Dette forskingsprosjektet (forprosjekt) er støtta av Noregs Forskingsråd gjennom Forskingsfond Vestlandet. Prosjektet skal utvikla kunnskapsgrunnlaget for Jærsmiå, og utvikla dialog som metode i kompliserte arealsaker. Samarbeidspartnar er rogaland fylkeskommune.

Prosjektleiар er Dag Jørund Lønning.

4.4 Evaluering av Aksjon Jærvassdrag

Oppdraget var leia av forskar Johan Barstad. Rogaland fylkeskommune er oppdragsgjevar.

Dette var ei organisasjonsevaluering, og fokus på betydinga av dei to nye organisasjonsgruppene som vart etablerte etter 2002; «Avløpsgruppe» og «Frivillige tiltak i landbruket».

I tillegg til å vurdere endringar i rammevilkåra for organisasjonen, såg evalueringa også på implementeringa av EU sitt vassdirektiv (vassforskrifta).

Arbeidsrapport vart publisert i 2014.

4.5 Riding Native Breeds – hesteturisme basert på tradisjonelle hesterasar i nordområda

Kan me bruka våre tradisjonelle hesterasar rundt Nord-Atlanteren på nye måtar innanfor reiselivet? Dette er utgangspunktet for ei storsatsing på hesteturisme som HLB no skal leia. Saman med partnerar i Sogn og fjordane, på Færøyane og på Island, skal høgskulen utvikla nye forretningsmodellar for hesteturisme som koplar saman kystlandskapet, dei mange historiene som lever i dette og dei gamle hesterasane fjording, færøysk ponni og islandshest.

Satsinga går over to år, og har ei samla økonomisk ramme på 2,4 millionar. [Nordisk Atlantsamarbeid, NORA](#) medverkar med tilskott.

Prosjektleiar er Rhys Evans.

4.6 Prosjekt Nordlandshest

Finst det nye inntektsgjevande bruksområde – ikkje minst innanfor turismen – for den utryddingstruga Nordlandshesten? I dette prosjektet samarbeider HLB med Bioforsk og FMLA i Nordland og Troms. Ei sentral målsetjing er også å integrera Nordlandshesten i Riding Native Breeds- programmet.

Prosjektleiar er Rhys Evans.

4.7 Kva er Jæren?

HLB set no i gang eit omfattande forskingsarbeid rundt kollektive oppfatningar og bruk av det opne og landbruksproduserte jærlandskapet. Målsetjinga er å koma opp med arealplanleggingsmodellar som tek effektiv omsyn til alle brukargrupper, men som samtidig byggjer på eit aktivt jordvern.

Sentrale problemstillingar for forskingsarbeidet er:

- Kva assosierer menneske i dag – innanfor og utanfor regionen – med Jæren?
- Korleis vert Jærlandskapet brukt og kven er brukarane?
- Kva er dei viktigaste fellesgoda frå det landbruksskapte jærlandskapet, og korleis vert desse forstått/nytta?

Prosjektet vil kunna få stor betyding både for landbruket og for framtidig arealplanlegging i regionen:

- Ved å identifisera og tydeleggjera fellesverdiar knytt til landbrukslandskapet vil ein kunna koma opp med fleire og breiare grunngjevingar for ein aktiv jordvernpolitikk for Jæren.
- Resultata frå prosjektet vil kunna danna utgangspunkt for reviderte arealplanleggingsmodellar som tek effektiv omsyn til alle brukargrupper i jærlandskapet.

Prosjektet er delfinansiert av Stiftinga for fremje av jordbruket i Nærbo og omeign, ved TINE Nærbo. Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.

4.8 Reiseliv i Rogaland

HLB har gjennomført ei vurdering av organisering av destinasjonsselskapa innan reiselivet i Rogaland. Oppdragsgjevar er Rogaland Fylkeskommune, og destinasjonsselskap, utviklingsorganisasjonar, næringsorganisasjonar, transportselskap, enkeltbedrifter og offentleg verkemiddelapparat dannar styrings- og arbeidsgruppa. Prosjektleder ved HLB er Eli-Grete Høyvik.

4.9 Landbruksbyen Sandnes

HLB og Sandnes kommune har eit breispektra samarbeid med utgangspunkt i høgskulen sine pågåande forskingssatsingar rundt jordvern, bynært landbruk og entreprenørskap i landbruksnæringa.

Samarbeidet inneber at Sandnes blir eit sentralt eksempelområde for forskingsarbeidet ved HLB, og at kommunen difor vil bli nytta aktivt både i nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. For Sandnes kommune vil forskingsresultat kunna nyttast direkte inn i arbeidet med rullering av delplan landbruk.

Sentrale forskningstema vil vera:

- Korleis sikra vern av matjord og viktige landbruksområde?
- Bynært landbruk; utfordringar og nye potensial?
- Nye næringar og innovasjonar i landbruket.

Prosjektleder er Dag Jørund Lønning.

4.10 Sistre – HLB-leia EU-prosjekt om vaksne studentar og læring

SISTRE hadde sitt første planleggingsmøte tidleg i november 2012 og vart avslutta i 2014. Deltakarar frå Noreg, Frankrike og Tyrkia drøfta korleis ein pedagogisk kan leggja best mogleg til rette for vaksne studentar.



Studentar ved HLB har delte. Prosjektleder har vore Rhys Evans

4.11 Kulturarvsamarbeid i Litauen

HLB innleia i 2013 eit samarbeid (forprosjekt) med den litauiske organisasjonen «The Lithuanian Association for Castles and Manors». Samarbeidet var støtte med EØS-midlar. Fokus ligg på korleis dei mange vakre, men gjerne nedslitne, slott og borger i Litauen kan nyttast som ressursar i sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Prosjektleiari er Dag Jørund Lønning.

4.12 Erfaringar med brannvarslingsutstyr i landbruket

På oppdrag frå aktørar i landbruket i Rogaland gjennomførte HLB ei omfattande kartlegging av bønder sine erfaringar med brannvarslingsutstyr. Utgreiinga er sett i gang grunna mange klagar på m.a falske alarmer.

Arbeidsrapport vart publisert i 2014. Prosjektleiari ved HLB var Olav Eggebø.

4.13 Evaluering av bruken av næringsfond i Skjåk.

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB), ved professor Håvard Teigen og førsteamanuensis Eli Janette Fosso, har gjennomført ei evaluering av den kommunale næringspolitikken i Skjåk kommune. Dei har evaluert korleis kommunen har nytta næringsfond og brukt utviklingsselskap som strategi i arbeidet.

Arbeidsrapport vart publisert i 2014.

5 Publisering og ekstern kontakt

5.1 Bøker

Lønning, Dag Jørund 2014: *Dialogbasert utvikling* Time: Jæren Forlag

5.2 Interne rapportar

Barstad, Johan 2014: *Jæren Vannområde. Ei organisasjonsevaluering*. HLB Arbeidsrapport 1, 2014

Eggebø, Olav 2014: *Brukarerfaringar med brannvarslingsanlegg i landbruket* HLB Arbeidsrapport 2, 2014

Teigen, Håvard og Fosso, Eli Janette 2014: *Evaluering av bruken av næringsfond i Skjåk* HLB Arbeidsrapport 3, 2014

5.3 Foredrag, media og anna formidling.

Rektor Dag Jørund Lønning har halde ei rekkje foredrag og presentasjonar på regionale, nasjonale og internasjonale faglege seminar og konferansar i 2014. Lønning var hausten 2014 for andre gong ekspertevaluator for EU-kommisjonen.

Eli Janette Fosso har halde fleire faglege innlegg om bygdeutvikling på nasjonale seminar/konferansar.

Rhys Evans har medverka med faglege innlegg på fleire nasjonale og internasjonale konferansar/seminar om hest og næringsutvikling.

Johan Barstad og Rhys Evans har delteke i europeiske Cost-nettverk om bynært landbruk.



5.4 Dag Jørund Lønning vart Årets landbruksblogger 2014

Professor Dag Jørund Lønning har i to år no vore ein av dei faste bidragytarane på Norsk Landbrukssamvirke sin landbruksblogg. Innlegg blir leste og delte av fleire tusen, og blir publiserte også på nationen.no.

Nationen sine lesarar stemte i 2014 fram Dag Jørund Lønning først til finalerunde og derette som vinnar av tittelen Årets landbruksblogger 2014. Prisen vart delt ut på landbrukskoneferansen Mat og Landbruk 2015 på Gardermoen. Hendinga vart mykje dekkja i media.



6 Økonomi

Rekneskapen for 2014 syner ein eigenkapital på kr. 994.705,- pr. 31.12.14. Med netto finansinntekter på 39.035,- gav det eit årsresultat på kr. 22.848,-.

God aktivitet på prosjekt/forskingssida sikrar nok eit overskott for HLB. Overskottet vart noko lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak forskyving av prosjektaktivitet frå 2014 til 2015.

Omsetnaden i 2014 er 7 141.707,-. Dette er ei auke frå 2013.

7 Status og utfordringar


2014 har vore nok eit positivt år for HLB, ikkje minst når det gjeld fagleg utvikling, kompetanseutvikling i staben og igangsetjing av eiga forskning. Økonomien er også i balanse.

Hovudutfordringane i 2015 vert å sikra vidare positiv utvikling både fagleg og økonomisk. Forskingsinnsatsen må heile tida konsoliderast og forsterkast, og HLB vil arbeida vidare for å vera det leiande fagmiljøet innan bygdeutvikling i Skandinavia. For å lukkast må utviklings- og akkvisisjonsarbeid over tid forankrast betre i heile organsiasjonen.

Tittel på BA endrast frå 2015 – 2016. Dette skjer for å tydeleggjera at innhaldet i graden – nyskaping, endringsproduksjon og utviklingsarbeid – er relevant for alle med utviklingsoppgåver både i landbruk og anna næringsliv, og privat og offentleg sektor. HLB vonar denne endringa vil resultera i ei auke i studenttalet frå komande haust.

HLB er ein av stiftarane av det nye Rogaland Landbrukspark SA, Noregs største kompetansesenter for landbruk og vi vil gå aktivt inn i det vidare arbeid med senteret. Rektor Dag Jørund Lønning er styreleiar .

Særheim, 09. februar 2015



Dag Jørund Lønning
Rektor

Årsregnskap for 2014

**HØGSKULEN FOR LANDBRUK OG BYGDEUTVIKLING SA
4353 KLEPP**

Innhold:

Resultatregnskap
Balanse
Noter
Årsmelding
Revisjonsberetning

Resultatregnskap for 2014

HØGSKULEN FOR LANDBRUK OG BYGDEUTVIKLING SA

	Note	2014	2013
Salgsinntekt		1 744 637	1 318 615
Annen driftsinntekt		5 397 070	5 521 270
Sum driftsinntekter	2	7 141 707	6 839 885
Varekostnad		(658 822)	(358 592)
Lønnskostnad	3	(4 668 974)	(4 859 552)
Avskrivning på varige driftsmidler	4	(78 914)	(93 043)
Annen driftskostnad		(1 743 287)	(1 542 634)
Sum driftskostnader		(7 149 997)	(6 853 821)
Driftsresultat		(8 290)	(13 936)
Renteinntekter		37 168	50 147
Annen finansinntekt		1 867	2 071
Sum finansinntekter		39 035	52 218
Annen rentekostnad		(7 897)	(4 848)
Sum finanskostnader		(7 897)	(4 848)
Netto finans		31 139	47 370
Ordinært resultat før skattekostnad		22 848	33 434
Ordinært resultat		22 848	33 434
Årsresultat		22 848	33 434
Overføringer			
Udekket tap	6	22 848	33 434
Sum		22 848	33 434

Balanse pr. 31. desember 2014
HØGSKULEN FOR LANDBRUK OG BYGDEUTVIKLING SA


	Note	2014	2013
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lign.	4	104 493	112 497
Sum varige driftsmidler		104 493	112 497
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		22 000	22 000
Andre fordringer		198 342	268 338
Sum finansielle anleggsmidler		220 342	290 338
Sum anleggsmidler		324 835	402 835
Omløpsmidler			
Varer		67 800	0
Sum varer		67 800	0
Fordringer			
Kundefordringer	1	259 626	41 178
Andre fordringer	1	1 058 670	940 779
Sum fordringer		1 318 296	981 957
Bankinnskudd, kontanter og lignende	5	528 400	938 311
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		528 400	938 311
Sum omløpsmidler		1 914 496	1 920 268
Sum eiendeler		2 239 330	2 323 103


Balanse pr. 31. desember 2014
HØGSKULEN FOR LANDBRUK OG BYGDEUTVIKLING SA


	Note	2014	2013
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt og opptjent egenkapital			
Andelskapital	6	3 674 400	3 674 400
Udekket tap	6	(2 679 695)	(2 702 544)
Sum innskutt og opptjent egenkapital		994 705	971 856
Sum egenkapital	6	994 705	971 856
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		150 562	134 226
Skyldige offentlige avgifter		530 586	475 908
Annen kortsiktig gjeld	7	563 477	741 112
Sum kortsiktig gjeld		1 244 626	1 351 247
Sum gjeld		1 244 626	1 351 247
Sum egenkapital og gjeld		2 239 330	2 323 103


KLEPP, 09.02.2015


HØGSKULEN FOR LANDBRUK OG BYGDEUTVIKLING SA



 Hadle Nevøy
 styreleder



 Odd Arild Kvaløy
 nestleder


 Dag Vørund Lønning
 daglig leder


 Ola Hedstein
 styremedlem


 Leif Kåre Lende
 styremedlem


 Reidun Oline Skadsem
 styremedlem


 Rhys Evans
 styremedlem


 Alexander Rügert-Raustein
 styremedlem

NOTE 6 - EGENKAPITAL

	Andelskapital	Udekket tap	Sum
Egenkapital pr 31.12.2013	3 674 400	-2 702 542	971 858
Årets resultat	-	22 848	22 848
Egenkapital pr 31.12.2014	3 674 400	-2 679 693	994 705

Andelskapitalen består av 734 andeler à kr 5 000. Andelseierne er ulike lokale lag og organisasjoner tilknyttet eller med interesser i landbruksnæringen.

NOTE 7 - ANNEN KORTSIKTIG GJELD

	2014	2013
Periodiserte feriepenger	384 849	354 096
Gjeld til Vinterlandbruksskolen	-	268 041
Forskuddsbetalte prosjektmidler	-	24 224
Andre påløpte kostnader	178 628	94 752
Sum annen kortsiktig gjeld	563 477	741 112

NOTE 8 - PENSJONSORDNING

Foretaket er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Foretakets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven.

NOTE 3 - LØNNSKOSTNADER, ANTALL ANSATTE, GODTGJØRELSE M.M.

Lønnskostnader	2014	2013
Lønninger	3 591 248	3 794 972
Folketrygdavgift	559 024	560 852
Pensjonskostnader	469 423	473 890
Andre ytelser	49 279	29 838
Sum	4 668 974	4 859 552
Gjennomsnittlig antall årsverk	6,0	6,5

Godtgjørelse til styre og daglig leder

Lønn og annen godtgjørelse til daglig leder var kr 876 395 mot 862 081 i 2013.

Det er kostnadsført styrehonorar med kr 51 800 i 2014 mot kr 53 200 i 2013.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2014 utgjør kr 18 000 for revisjon, kr 5 000 for utarbeidelse av regnskap og noter og kr 10 750 for annen bistand. I tillegg kommer merverdiavgift.

NOTE 4 - VARIGE DRIFTSMIDLER

	Driftsløsøre, inventar
Anskaffelseskost 1.1.	323 156
Tilgang kjøpte driftsmidler	70 910
Avgang solgte driftsmidler	-
Anskaffelseskost 31.12.	394 066
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-289 573
Balanseført verdi pr. 31.12.	104 493
Årets avskrivninger	78 914
Avskrivningssats	33,3 %
Avskrivningsplan	Lineær

NOTE 5 - BUNDNE MIDLER

Bundne skattetrekksmidler utgjør kr 284 263 av totale bankinnskudd.

Noter til regnskapet pr. 31. desember 2014

HØGSKULEN FOR LANDBRUK OG BYGDEUTVIKLING SA

NOTE 1 - REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler, og redegjøres for nedenfor.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

NOTE 2 - INNTEKTER

	2014	2013
Prosjektmidler	2 428 813	2 616 671
Semesteravgift	754 660	803 150
Driftstilskudd stat	2 908 000	2 894 000
Diverse inntekter	1 050 234	526 064
Studietur	-	-
Sum driftsinntekter	7 141 707	6 839 885